

055/17: GODKJENNING AV MØTEBOK

RÅDMANNEN TILRÅR

Møteboka frå kommunestyremøte 13.09.17 blir godkjent slik ho ligg føre.

25.10.2017 Kommunestyret

VOTERING:

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke

KOM-055/17 VEDTAK:

Møteboka frå kommunestyremøte 13.09.17 blir godkjent slik ho ligg føre.

056/17: FORPROSJEKT GRUNNVATN SOM FELLES VASSKJELDE - RUSSMARKEN VASSFORSYNINGSSOMRÅDE. SLUTTRAPPORT. VAL AV VASSKJELDE

RÅDMANNEN TILRÅR:

1. Kommunestyret tek sluttrapport frå forprosjekt om grunnvatn som felles vasskjelde i Kovstulheia-Russmarken vassforsyningsområde, datert 13.10.17, til orientering.
2. Sjøvatn skal vere drikkevasskjelde for Kovstulheia – Russmarken vassforsyningsområde.
3. Tilkoplingsavgifta for vatn- og avløp i Kovstulheia-Russmarken blir sett til 260 000 kroner inkl. mva. Beløpet blir ikkje indeksregulert før om fem år. Spesifisering av dette vedtaket blir gjort gjennom fastsetting av gebyr og betalingssatsar i samband med behandling av årsbudsjettet til kommunen.
4. Eigedomar som kan dokumentere investeringskostnadar på minimum 50 000 kroner til eiga vassforsyning i perioden 2013-2017 vil få fritak for tilkoplingsplikta til vatn i 5 år.
5. Samla årsavgift for vatn og avløp i Kovstulheia-Russmarken blir sett til 12 000 kroner inkl. mva. Beløpet blir indeksregulert årleg. Spesifisering av dette vedtaket blir gjort gjennom fastsetting av gebyr og betalingssatsar i samband med behandling av årsbudsjettet til kommunen.
6. Det blir gitt fritak for årsavgifta for vatn dei tre første åra etter tilkopling for:
 - a) eigedomar med låg standard i dag
 - b) eksisterande hytter med høg standard som må kople seg til avløp (har/har hatt mellombels utsleppsløyve i dag)
 - c) hytter med låg standard der det allereie er teikna avtale om tilkopling til avløp.

som teiknar kontrakt om tilkopling til vassforsyning innan to månader etter at tilbod er sendt ut. Spesifisering av dette vedtaket blir gjort gjennom fastsetting av gebyr og betalingssatsar i samband med behandling av årsbudsjettet til kommunen.

7. Fritak omtalt i pkt. 4 og 6 kan ikkje kombinerast.
8. Eigarar av hytter med låg standard som ikkje ønskjer oppgradering til høg standard (avløp) vil ikkje få krav om tilkopling til kommunal vassforsyning.

25.10.2017 Kommunestyret

HANDSAMING:

16 av 17 til stades.

John Bondal stilte spørsmål ved sin habilitet da han er grunneigar i Tuddal med utbyggingsinteresser og i ein konkurransesituasjon med utbyggerar i vassforsyningsområdet. Egedomen ligg på utsida av vassforsyningsområdet.

Svein Erik Sletta stilte spørsmål ved sin habilitet da han er svoger med grunneigar i Kråkenes sameige Sameiget ligg på utsida av vassforsyningsområdet, men grenser til Sjøvatn.

Inger Øya Grøgård stilte spørsmål ved sin habilitet da han er grunneigar som vil bli direkte råka av vassuttak og vassleidning.

13 av 17 representantar til stades.

John Bondal blei samrøystes erklært inhabil med heimel i Fvl. § 6, 2. ledd.

Svein Erik Sletta blei samrøystes erklært habil.

Inger Øya Grøgård blei samrøystes erklært inhabil med heimel i Fvl. § 6, 2. ledd.

Jan Skårnes møtte for John Bondal.

Anita Cecilie Haugen møtte for Inger Øya Grøgård.

15 av 17 til stades

Olav Øyen (Ap) bad om gruppemøte i 10 minutt.

Ordføreren innvilga gruppemøte.

Nils Olav Hovde fremma følgjande forslag:

1. Kommunestyret tar sluttrapport frå forprosjekt om grunnvatn som felles vasskjelde i Kovstulheia-Russmarken, datert 13.10.17, til orientering.
2. Prognosane for kor mange abonnentar som vil knytte seg til kloakk og vatn er svært usikre. Dersom det blir for få abonnentar, vil drifta gå med underskot. Det same vil skje om renta blir høgare (noko ein vel må rekne som sannsynleg) enn 2% som er lagt til grunn i overslaga. Da må i så fall kommunen dekke dette underskotet. Det vil få store konsekvensar for den vanlege kommunale drifta.
3. Desentraliserte grunnvassbrønner skal vera drikkevasskjelde for Kovstulheia-Russmarken vassforsyningsområde

4. Utbygging og drift av vassforsyninga skal skje i kommunal regi.
5. Gebyr og betalingssatsar blir fastsett av kommunestyret når kostnadene er nærare avklara.
6. Nødvendig brønnboring kan skje i takt med utbygginga.

Bengt Halvard Odden fremma følgjande endringsforslag til pkt. 5:
Samla årsavgift for vatn og avløp i Kovstulheia-Russmarken blir sett til 9 900 kroner inkl. mva

Audun Solberg bad om gruppemøte.
Innvilga i 1 minutt.

VOTERING:

Rådmannen si tilråding blei sett opp mot forslaget frå Nils Olav Hovde.
Rådmannen si tilråding blei vedteke med 9 mot 6 stemmer.

Rådmannen sin tilråding til pkt. 5 blei sett opp mot forslaget frå Bengt Halvard Odden.
Rådmannen sitt forslag falt 2 mot 13 stemmer.

KOM-056/17 VEDTAK:

1. Kommunestyret tek sluttrapport frå forprosjekt om grunnvatn som felles vasskjelde i Kovstulheia-Russmarken vassforsyningsområde, datert 13.10.17, til orientering.
2. Sjøvatn skal vere drikkevasskjelde for Kovstulheia – Russmarken vassforsyningsområde.
3. Tilkoplingsavgifta for vatn- og avløp i Kovstulheia-Russmarken blir sett til 260 000 kroner inkl. mva. Beløpet blir ikkje indeksregulert før om fem år. Spesifisering av dette vedtaket blir gjort gjennom fastsetting av gebyr og betalingssatsar i samband med behandling av årsbudsjettet til kommunen.
4. Eigedomar som kan dokumentere investeringskostnadar på minimum 50 000 kroner til eiga vassforsyning i perioden 2013-2017 vil få fritak for tilkoplingsplikta til vatn i 5 år.
5. Samla årsavgift for vatn og avløp i Kovstulheia-Russmarken blir sett til 9.900 kroner inkl. mva. Beløpet blir indeksregulert årleg. Spesifisering av dette vedtaket blir gjort gjennom fastsetting av gebyr og betalingssatsar i samband med behandling av årsbudsjettet til kommunen.
6. Det blir gitt fritak for årsavgifta for vatn dei tre første åra etter tilkopling for:
 - a) eigedomar med låg standard i dag
 - b) eksisterande hytter med høg standard som må kople seg til avløp (har/har hatt mellombels utsleppsløyve i dag)
 - c) hytter med låg standard der det allereie er teikna avtale om tilkopling til avløp.

som teiknar kontrakt om tilkopling til vassforsyning innan to månader etter at tilbod er sendt ut. Spesifisering av dette vedtaket blir gjort gjennom fastsetting av gebyr og betalingssatsar i samband med behandling av årsbudsjettet til kommunen.

7. Fritak omtalt i pkt. 4 og 6 kan ikkje kombinerast.
8. Eigarar av hytter med låg standard som ikkje ønskjer oppgradering til høg standard (avløp) vil ikkje få krav om tilkopling til kommunal vassforsyning.